

Dugnadsinnsats rundt grusbana

12.06.2009



Dyktig dugnadskvartett: Eli Eiane Klyve, Åse Myklebust, Haldis Åkra og Anita Simensen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Idrettslaget har kome i gang med utgreiinga av kva som skal skje med grusbana, slik det vart gjeve fullmakt til på siste årsmøte. Men noko avklaring har enno ikkje skjedd og førebels satsar laget på å halda bana og området rundt skikkeleg vedlike.**

**Fredag var både unge og eldre med på rakedugnad.**

- Men det er den reorganiserte fotballgruppa med Jostein Hauso som leiар som har gjennomført sl tten her, med klyppar utl nt av Tor Ove Haugland, opplyser den nye lei r i idrettslaget Eli Eiane Klyve til uskedalen.no

Ho st r p  i rakedugnaden saman med Haldis  kra, Anita Simensen og  se Myklebust, men det er ogs  fleire som har gjort ein innsats denne fredagen.

Tidlegare  r har det av og til svikta med sl tten rundt bana, men det skal ikkje skje i  r, lovar leiaren.

 kra og Simensen er med i fotballgruppestyret og det er ogs  Knut Johannes Ripel.

- Men eg lyt koma med eit lite hjartesukk, seier den nye leiaren.

- Vi har mykre mindre ressursar   rutta med no enn tidlegare, fordi kommunen har skore ned driftstilskotet drastisk i  r - til vel 9.000 kroner. Inntektene v re blir slukt av anleggssdrifta og situasjonen er noko frustrerande. Heldigvis har Lars Haugland teke seg av vedlikehaldet p  Heio etter utruleg trufaste Edvin Kj rland .

Av Ola Matti Mathisen